



Ulstein kommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen Region midt  
Møre og Romsdal fylke v/  
miljøvernavdelinga  
Statens namnekonsulentar på Vestlandet

STATENS KARTVERK

Dykkar ref.: Vår ref. Dato:  
Sak/dok.: 2004/364- 20. januar 2005  
Ark.: 326.11 KAB

### Melding om namnevedtak i Ulstein kommune

Ulstein kommune har klaga på vedtaket i namnesak 1994/1 om at Dimna skal vere skrivemåten for namnet på ei øy i kommunen. Kommunen ønskte Dimnøya. Saka har vore på ny høyringsrunde, og i sitt høyringssvar går Ulstein kommune framleis inn for Dimnøya. Statens namnekonsulentar på Vestlandet held likevel prinsipalt fast på skrivemåten Dimna i si endelege tilråding. Kvar av dei to namneformene har elles sine sterke tilhengjarar.

Statens kartverk gjer følgjande vedtak:

Tidlegare vedtak om at Dimna skal vere einaste offisielle skrivemåte vert oppheva. Statens kartverk vedtek i staden skrivemåten **Dimna** for den eine namneforma og skrivemåten **Dimnøya** for den andre. Skrivemåtane får status som sideordna namn.

Statens kartverk er vedtaksorgan for *skrivemåten* av stadnamn. Kva staden heiter må avgjerast lokalt. I denne saka går det fram at både namneformene Dimna og Dimnøya vert nytta om det same namneobjektet. Namnekonsulentane seier: "Alt tyder på at det i lokalmiljøet er tradisjon for å nytte både "Dimnøya" og "Dimna" som munnlege øynamnformer." § 4 i stadnamnlova seier: "Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen." Både namneformene må seiast å ha nedervd lokal uttale. Dimna er venteleg den eldste namneforma, men Dimnøya ser ut til å vere nytta av mange i dag. Det er også den forma Ulstein kommune går inn for.

Både namneformene er no offisielle, og kan fritt brukast i offentleg samanheng.

Etter § 8 i stadnamnlova kan vedtak om skrivemåten påklagast av dei som etter § 6 første ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå

meldinga om vedtaket har kome fram. Dersom denne meldinga skjer ved offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vart kunngjort første gongen.

Vedkomande kommune skal syte for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 8 første ledd i lova, jf forskriftene § 4-2 tredje og fjerde ledd. For vedtak om skrivemåten av bruksnamn skal kommunen sende skriftleg melding direkte til grunneigarane.

Eventuell klage skal sendast via kommunen til Statens kartverk Molde, som er det organet som har fastsett skrivemåten. Klagen bør grunngjenvært (jf forvaltningslova § 32 andre ledd). For klagesaker gjeld dei same saksbehandlingsreglane som for namnesaker elles.

Dersom vedtaket vert halde oppe, sender Kartverket saka vidare til ei særskild klagenemnd som er oppnemnd av Kulturdepartementet. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjord.

Vi vil minne om dei reglane stadnamnlova har om **plikt til å bruke vedtekne skrivemåtar**, jf § 3, spesielt frysate setninga som har slik ordlyd:

*Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal skrivemåten brukast av alle offentlege organ, selskap som det offentlege eig fullt ut, og stiftingar som er oppretta av det offentlege.*

Med helsing

Kari Aalvik Buset  
Fylkeskartsjef

Nils Jørgen Gaasvik  
Namneansvarleg SK Molde